**Fra:** Ingrid Kristine Holm Svendsen (Ingrid.Kristine.Holm.Svendsen@hfk.no)
**Sendt:** 23.08.2018 06:40:32
**Til:** Berit Dianne Kilvær
**Kopi:**

**Emne:** Fwd: Ny Sotra Vidaregåande skule.
**Vedlegg:** image001.png
**Fra:** Roy-Eddy Lie <roy.eddy@liegruppen.no>
**Dato:** 22. august 2018 kl. 13:46:59 CEST
**Til:** "Ingrid.Kristine.Holm.Svendsen@hfk.no" <Ingrid.Kristine.Holm.Svendsen@hfk.no>
**Emne: Ny Sotra Vidaregåande skule.**

Ingrid Holm Svendsen.

HFK skal snart behandle sak om lokasjon for ny vidaregåande skule på Sotra. Vi har på førehand sendt over aktuell informasjon til Eigedomsavdelinga v/Jostein Fjærestad. Vi tillater oss likevel å sende deg ein kort e-post i høve saka.

Kommunane her ute har peika på ei lokalisering både på Bildøy (Bildetangen) og på Straume (Stovevatnet) som likeverdig gode. I denne vurderinga er nok ulike utryggleiksaspekt knytt til mulig framdrift for tomten på Stovevatnet undervurdert, samstundes som ein også har undervurdert betydinga av potensialet i lokal og regional utvikling ved ei lokalisering på Bildetangen. Vi er også trygge på at HFK ser at tryggleiken, både økonomisk og i andre høve, er best ivareteke ved val av tomt 41 Bildetangen som lokasjon for ny vidaregåande skule på Sotra.

Vi forstår at mange ulike omsyn skal takast når HFK gjev sin anbefaling, og vi er overtydd om at dine fagavdelingar vil gje fullgod informasjon om saka. Vi tør likevel hevde at HFK vil ivareta heilskapen best i sitt samfunnsoppdrag ved å velje tomt 41 Bildetangen som lokasjon for ny vidaregåande skule på Sotra, og ber deg vurdere saka grundig når den kjem på ditt bord.

Ta gjerne kontakt med underteiknar om noko er uklårt, eller dersom det skulle vere behov for ytterlegare informasjon.

Beste helsing,

**Roy-Eddy Lie**
**Eiendomssjef**

Desk: + 47 56 31 68 68
Office: + 47 56 31 68 70
Mobile: +47 90 08 91 05

Fax: + 47 56 31 68 69

E-mail: roy.eddy@liegruppen.no

Web: www.liegruppen.no

Grønamyrvegen 2 - 5353 Straume - Norway